

OMSETNINGSRÅDET

PROTOKOLL fra møtet i Arbeidsutvalet på Refsnes Gods

onsdag 14. juni kl 0900

(Møte nr. 8 2000)

Møtet vart sett kl 0900. Sak 1-8 blei behandla fram til kl. 0930. Sak 9 blei behandla etter OR-møtet fra kl. 1015 til 1030.

Til stades: Sigurd Verdal, Steinar Hauge, Kirsten Indgjerd Værdal, Svein Kostveit og Torbjørn R. Skjerve

Leiaren fastslo at møtet kunne gjere vedtak.

1. DAGSORDEN

Vedtak:

Dagsorden vert godkjent utan merknader.

2. GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak:

Protokoll fra møtet i Arbeidsutvalet 29.05.2000 vert godkjent.

Innhold protokoll:

3. Avsetningstiltak kjøttsektoren – Eksport og frysefradrag i januar-februar 2000 S. 3
4. Markedsregulering i kjøttsektoren – Administrasjonsgodtgjørelse 1999/2000 S. 4
5. Kadaverhåndtering – Godkjenning av oppgave 2. halvår 1999 S. 6
6. Faglege tiltak kjøtt 2000 – Disponering av posten ”Diverse/uforutsett” S. 7
7. Marknadsregulering kjøtt – Oppgave over utbetalte tilskott til purkeslakting januar 1999 S. 8
8. Møteplan andre halvår 2000 S. 9
9. Tilskudd til etablering og drift av produsentsammenslutninger for potet- og grønnsaksprodusenter i Nord-Norge S. 9

3. AVSETNINGSTILTAK KJØTTSEKTOREN - EKSPORT OG FRYSEFRADRAG I JANUAR – FEBRUAR 2000

Med brev av 30.5.2000 har Norsk Kjøtt oversendt oppgave over eksport og frysefradrag for januar – februar 2000.

Av oppgaven fremgår det at det i perioden har blitt eksportert i alt 106 tonn gris, 239 tonn storfe og 97 tonn nedskåret storfe med et samlet pristap på kr 11.497.062. Pristapet utgjør 19,29 i kr pr. kg for svinekjøtt, 24,93 kr pr. kg for storfekjøtt og 35,50 kr pr. kg for nedskåret storfekjøtt. Tabellen nedenfor viser en oppstilling over kvantum, priser og refusjonsbeløp.

	Kvantum tonn	Industri pris kr/kg	Oppnådd pris kr/kg	Pris diff kr/kg	Refusjons beløp 1 000 kr	Ref.beløp, inkl renter og andre kostnader 1 000 kr
Reg.eksp. sau	0					65
Reg.eksp. svin	106	27,77	8,48	19,29	2 035	2 052
Reg.eksp. storfe	239	30,97	6,04	24,93	5 966	6 131
Reg.eksp. storfe nedsk	97	42,83	7,53	35,30	3 430	3 444
TOT					11 497	11 693

I oppgaven fra Norsk Kjøtt er det benyttet rentesatsen for 2. halvår 1999 på 6,7%. I møte 29.5.2000 ble satsen fastsatt til 6,4%. I tabellen ovenfor er den vedtatte rentesatsen benyttet. Dette medfører at oppgaven fra Norsk Kjøtt blir korrigert med -kr 2.207. Ut fra en rentesats på 6,4 % er det beregnet en samlet rentegodtgjørelse på kr 47.083, samt kostnader på kr 148.447.

I januar er det levert 39 tonn kjøtt med frysefradrag. I oppgaven er det beregnet et frysefradrag på 18,49%, tilsvarende kr 249.148,50. I henhold til punkt IV i retningslinjene kan det godtgjøres frysefradrag på inntil 15%. Frysefradrag høyere enn 15% kan forhåndsgodkjennes av Arbeidsutvalget. En slik forhåndsgodkjennelse er ikke gitt for januar og februar. Et frysefradrag på 15% tilsvarer kr 202.165. Samleoppgaven fra Norsk Kjøtt reduseres derfor kr 46.983.

Samlet utgjør oppgaven etter dette kr 11.894.757.

Oppgavene er attestert av statsautorisert revisor. Revisor har i sin attestasjon lagt til grunn rentesatsen for 2. halvår 1999 som var på 6,7%.

Vedtak:

Med hjemmel i Retningslinjer for bevilgninger til reguleringstiltak innenfor kjøttsektoren, pkt IV og VI, blir oppgaven for januar og februar år 2000 utfra brev av 30.5.2000 godkjent med justering for rentesats og sats for frysefradrag.

Beløpet på til sammen kr 11 894.757 blir ført som bevilget av midler fra omsetningsavgiften på kjøtt.

4. MARKEDSREGULERING I KJØTTSEKTOREN - ADMINISTRASJONS-GODTGJØRELSE 1999/2000

Med brev av 27.4.2000 søker Norsk Kjøtt om kr 13.147.977 i administrasjons-godtgjørelse for 1999/2000. Dette er 1,1 mill. kroner lavere enn søknaden for 1998/99, og kr 265.523 lavere enn det budsjettet som ble vedtatt for 1998/1999.

Tabellen nedenfor er en oppstilling over totalkostnad, andel og beløp til markedsregulering for de avdelingen som er involvert i markedsreguleringen.

Avd	Søknad				Vedtatt i OR, 1000 kr	Søknad, 1000 kr
	Total kostnad, 1000 kr		Andel markedsregulerin g			
	98/99	99/00	98/99	99/00	98/99	99/00
Stab NK Marked	2 861	2 398	0,500	0,300	858	719
EDB	12 230	11 343	0,170	0,130	2 079	1 475
Regnskapsavd.	7 589	7 945	0,075	0,093	569	739
Økonomiavd.	2 136		0,060		128	-
Lønningsktr.	1 682	1 554	0,030	0,025	50	39
Personalavd.	2 369	1 978	0,025	0,031	59	61
Sentralbord	2 096	2 036	0,180	0,176	377	358
Frysekontroll/ kontrollavd.	1 773	1 375	0,975	0,975	1 729	1 341
Markedsbalanse	7 108	8 146	0,900	0,900	6 397	7 331
Intern postavdeling	-	2 238		0,046	-	103
Adm. dir	3 271	2 965	0,200	0,200	654	593
Styret	1 793	1 873	0,400	0,400	717	749
TOTALT	44 908	43 851	0,322	0,308	13 619	13 509

Norsk Kjøtt har i søknaden lagt til grunn den reduksjonen som ble gjort ved behandlingen av forrige års søknad for avdeling "Stab Norsk Kjøtt Marked", slik at det nå søkes om en andel på 30% av totalkostnadene for avdelingen.

Kostnadene til EDB/IT er redusert p.g.a. reduserte totalkostnader og redusert andel. Den reduserte andelen har sin bakgrunn i at det ikke er planlagt eksterne kjøring hos A/S EDB i avtaleåret.

Kostnadene til intern postavdeling er ble ikke tatt med forrige år. Denne er nå tatt med en andel på 4,6% av totale kostnader. For de øvrige avdelinger er det

ikke vesentlige endringer i andel til markedsregulering. I avdeling markedsbalanse er totalkostnadene i budsjettet økt fra 7,1 mill. kroner til 8,1 mill. Dette medfører at kostnadene det søkes dekning for øker med 934.000 kroner.

Søknaden om budsjett kommer helt i slutten av budsjettperioden. Dette på tross av brev fra sekretariatet, sendt 4.10.99. Søknaden er ikke satt opp i henhold til krav som er framsatt i vårt brev. Dette gjelder:

Forhold	Merknader
- regnskap forrige periode	Det ble bedt om et nettoregnskap der andre utgifter ikke var tatt med. Dette er ikke gjort. Det som er mottatt er et totalregnskap for de angjeldende avdelinger.
- kostnader til telefon	Disse er i søknaden ikke dokumentert slik det ble bedt om.

I den avsluttende søknadsoppstilling er ikke kostnadene til intern post tatt med. Norsk Kjøtt foreslår å redusere beløpet med 1,5 % p.g.a. at søknaden gjelder avtaleåret 1999/2000, mens det i budsjettet er lagt inn en forventet kostnadsvekst på 3 % for år 2000. Derfor korrigerer de totalbeløpet med en faktor på 0,985 og de søker om å få godkjent kr 13.147.977.

Ut fra at søknaden ikke medfører endringer i det grunnlaget som tidligere har vært lagt til grunn, og at beløpet som det søkes om ikke medfører noen økning av kostnadene, vil sekretariatet foreslå at den godkjennes, men at beløpet p.g.a. manglene avrundes nedover til 13 mill. kroner.

Før neste søknad må det foretas en nøye gjennomgang både for å sikre tilstrekkelig dokumentasjon/spesifikasjon av regnskap og budsjett. Videre må markedsregulator fremme søknaden slik at den kan behandles innen utgangen av kalenderåret.

Siden avtaleåret på det nærmeste er avsluttet, betraktes kostnadene til administrasjon som kjent, og sekretariatet foreslår at det avsatte beløpet bevilges uten at Norsk Kjøtt søker spesielt om dette.

Vedtak:

Med hjemmel i "Retningslinjer for bevilgninger til reguleringstiltak innenfor kjøttsektoren, vedtatt av Omsetningsrådet 14.3.96" pkt II foreslår arbeidsutvalget for Omsetningsrådet at det gjør følgende vedtak:
Godtgjørelse til Norsk Kjøtt for administrering av markedsregulering i kjøttsektoren fastsettes til 13 mill. kroner for 1999/2000.

Det avsatte beløpet blir bevilget av midler stilt til disposisjon av midler fra omsetningsavgiften på kjøtt.

Omsetningsrådet forutsetter at Norsk Kjøtt redegjør for manglende oppfølging av tidligere krav, jf. brev av 04.10.1999 fra Omsetningsrådets sekretariat.

5. KADAVERHANDTERING – GODKJENNING AV OPPGÅVE 2. HALVÅR 1999

Tilskott til kadaverhandtering blir løyvd med heimel i forskrift om tilskudd til kadaverhåndtering av 09.09.1999, sist endra av Arbeidsutvalet 18.01.2000.

Fraktkontoret for slakt (FKS) sender inn revisorattestert halvårsoppgåve over tal på stopp per bruk i samband med kadaverhenting hjå produsent. Oppgåve for 2. halvår 1999 vart motteken i Omsetningsrådet sitt sekretariat 05.06.2000. Oppgåva viser at det i 2. halvår 1999 er gjort totalt 10.226 stopp hjå produsent i samband med kadaverhenting.

For avtaleåret 1999/00 er det avsett 4 mill. kroner til kadaverhandtering til fordeling i forhold til dokumentert aktivitet i ettertid, jf. Kap. 8.3.1 i St prp. nr. 75 (1998-99). Dette er same ramme for avsetning til kadaverhandtering som avtaleåret 1998/99.

Arbeidsutvalet skal fastsette ein sats per henting per bruk før avtaleåret er avslutta. Den fastsette satsen per henting per bruk for 1998/99 dannar utgangspunktet for nivået på satsen for 1999/00, som på møte i Arbeidsutvalet 12.05.2000 vart fastsett til 177 kroner.

Ein føresetnad for ordninga har vore at tilskottet skal vere ei delfinansiering. Den estimerte kostnaden for destruksjonsverksemda har tidlegare vorte oppgitt å vere om lag kr 615 per henting per bruk. Kjøttssamvirket har fastsett produsentbetalinga per stopp til kr 300. Ein sats på 177 kroner oppfyller såleis kravet om delfinansiering.

Vedtak:

Med heimel i jordbruksavtalen for 1999/00 pkt. 3.2, godkjenner Arbeidsutvalet oppgåva frå Fraktkontoret for slakt over 10.226 stopp i samband med kadaverhenting hjå produsent 2. halvår 1999.

For avtaleåret 1999/00 blir 1.810.002 kroner løyvd til kadaverhandtering for 2. halvår 1999. Midlane blir ført som løyvd over kapittel 77.11 i statsbudsjettet.

6. FAGLEGE TILTAK KJØT 2000 - DISPONERING AV POSTEN "DIVERSE/UFORUTSETT"

I budsjettet for faglege tiltak på kjøtsektoren for 2000 er det avsett 880.000 kroner til "Diverse" under post 1 "Støtte til kvalitets- og avlsarbeid". Det er tidlegare løyvd 288.000 kroner frå denne posten.

I brev av 16.05.2000 ber Fagsenteret for kjøtt om å kunne disponere 300.000 kroner frå posten "Diverse" i budsjettet for 2000 til å dekke Norsk Sau- og Geitalslag (NSG) sine kostnader i samband med eit krisetiltak innan avlsarbeid på småfe. Fagstyret har sett som føresetnad for at NGS skal få utbetalt midlane at tilfredsstillande planar for naudsynt fornying av avlsarbeidet blir gjort ferdig og presentert på fagstyremøtet 22.06.2000, saman med oversikt over korleis eingongsløyvinga blir disponert.

Fagsenteret meiner at situasjonen i avlsarbeidet på småfe på fylkesplan er akutt. Landbruksavdelingane i 6 fylke har eller er i ferd med å trekke seg ut arbeidet. Dei fryktar at avlsarbeidet regionalt stoppar heilt opp før ny løysing er på plass, og gjev uttrykk for at avlsarbeidet er vanskeleg å starte opp att dersom det først blir avvikla. På sikt vil arbeidet med avl på småfe bli meir sentralisert, med større satsing på semin.

I følgje Fagsenteret har Tiltaksfondet trappa ned løyvingane til avlsarbeid. I tillegg er rammene for løyvingane frå FMLA redusert. På bakgrunn av dette kan det vere rimeleg at Fagsenteret vurderer å søke tilsvarende løyvingar til NSG som blir gitt til Norsk Kjøttfeavlslag og Norsvin.

Sekretariatet gjer framlegg om at søknaden om midlar til krisetiltak i småfeavl på fylkesplan blir imøtekommen og ført over posten "Diverse/ Uforutsett".

Vedtak:

Med heimel i omsetningsloven § 11 og Interne retningslinjer for bruken av midler fra omsetningsavgiften til faglige tiltak og opplysningsvirksomhet gjer Arbeidsutvalet følgjande vedtak:

Etter søknad frå Fagsenteret for kjøtt i brev av 16.05.2000 blir det avsett 300.000 kroner som eit eingongstiltak i småfeavl på fylkesplan. Føresetnad for utbetaling av midlane er at Fagstyret på møte 22.06.2000 godkjenner planane for naudsynt fornying av avlsarbeidet og disponeringa av midlane.

7. TILSKOTT TIL PURKESLAKTING JANUAR 1999

I brev av 22.05.2000 sender Fraktkontoret for slakt oppgåve over utbetalingar i januar 2000 til produsentar som har slutta med svinehald.

Forskrift for tilskudd til produsenter som slutter med svinehold vart vedteken av Arbeidsutvalet 07.10.1999. Føresetnad for avviklingstilskott var at alt svinehald på bruket skulle avviklast i løpet av 5 månader. Tidsperioden for ordninga vart fastsett til å vere frå 20.10.1999 – 12.11.1999. Tal på purker vart avgrensa til 5000 purker, og tilskottet per purke vart fastsett til kr. 6000. Arbeidsutvalet godkjende i eit seinare møte at talet på purker vart auka til 5300. Sluttrapport for ordninga viser at er motteke avviklingstilskott for 4850 purker.

Oppgåva utgjer 6.000.000 kroner. Arbeidsutvalet godkjende 25.04.2000 oppgåve over utbetaling av 19.452.000 kroner til produsentar som har slutta med svinehald. Budsjettet for ordninga er på ca. 30 mill. kroner.

Oppgåva er attestert av statsautorisert revisor.

Vedtak:

Med heimel i retningslinjer for bevilgninger til reguleringstiltak innenfor kjøttsektoren av 14.03.1996 § 1 punkt 6 og forskrift for tilskudd til produsenter som slutter med svinehold av 07.10.1999, gjer Arbeidsutvalet følgjande vedtak:

Oppgåva frå Fraktkontoret for slakt blir godkjend, og 6.000.000 kroner blir ført som løyvud av midlar frå omsetningsavgifta på kjøtt.

8. MØTEPLAN ANDRE HALVÅR 2000

Sekretariatet foreslår fem møtedagar for Arbeidsutvalet i første halvår 2000 og to møtedagar for rådet.

Møtestrukturen er relativt lik frå år til år, sjølv om det vert lagt inn nokre ekstra møte enkelte gonger, for å fange opp spesielle behov. Rådet har nokre år hatt møte i september og nokre år i oktober, men ofte har møta blitt avlyst, slik at rådet har hatt berre eitt møte om hausten, i november. Sekretariatet foreslår at det vert sett av tid til eit rådsmøte i oktober.

Vedtak:

Følgjande møtedagar vert fastsett for Arbeidsutvalet andre halvår 2000:

Torsdag	24. august
Måndag	25. september
Torsdag	26. oktober
Tysdag	14. november
Onsdag	29. november

Følgjande møtedagar er fastsett for Omsetningsrådet i andre halvår 2000:

Torsdag	26. oktober
Onsdag	29. november

**9. TILSKUDD TIL ETABLERING OG DRIFT AV PRODUSENTSAMMEN-
SLUTNINGER FOR POTET- OG GRØNNSAKPRODUSENTER I NORD-
NORGE**

Vedtak:

Saken ble utsatt.

Møtet blei avslutta kl. 1030.